



## Møte i Sykylven sokneråd 27. februar 2018

Stad: Sykylven kyrkje, kyrkjekjellaren kl. 19.30

Til stades: Simen Elias Nordbrønn Myklebust, May Lisbeth Hovlid Aurdal, Torbjørn Støylen, Monica Breivik Orre, Liv Hole, Janne Svindseth og Knut Henning Aursnes.

I tillegg møtte: Arild Sporsheim.

Møtet vart opna av soknerådsleiaren som ønskte velkommen og gav ordet vidare til Torbjørn Støylen, som las opp Knut Grønvik sin tekst «Stå opp og gå».

### **Sak 07/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

*Vedtak: Innkalling og sakliste vart einstemmig godkjend.*

### **Sak 08/18 Godkjenning referat frå møte i Sykylven sokneråd 16.01.2018**

*Vedtak: Referatet vart einstemmig godkjend.*

### **Sak 09/18 Besök av tilsette på soknerådsmøtet**

Anna Myklebust og Katrine Numme var invitert til besök i soknerådet for å dele med soknerådet kva som skjer i deira fagfelt her i kyrkja. Soknerådsleiaren ynskte velkommen, og gav ordet til gjestane.

Anna Myklebust hadde nettopp vore på dåpssamling. Ho orienterte soknerådet om Fadderposen, som ein no har innført i kyrkjene i Sykylven. Soknerådet vart vist gåvene som er i Fadderposen som ein av fadrane får i oppgåve å dele ut til dåpsbarnet på kvar dåpsdag dei tre komande åra. Tidlegare vart disse gåvene delt ut i gudstenester, men 4-års bok, 6-års bok og bibel til 11-åringar vert framleis delt ut i gudstenester der borna kjem fram og mottek gåvene.

Fredagsklubben har godt oppmøte, mellom 60-80 personar. Barnekoret Super og Kor Kjekt har hatt ein nedgang i deltagarar. Mange andre aktivitetar i bygda for same aldersgruppe konkurerar om same vekedag og tidspunkt.

Anna saknar fleire som kan engasjere seg i dei ulike arrangementa, og skal sjå på tiltak som kan betre dette.

Katrine Numme orienterte frå ungdomsarbeidet i kyrkja. Katrine saknar også fleire som kan engasjere seg i frivillig ungdomsarbeid, spesielt eldre ungdommar og vaksne. På grunn av dette har KRIK fått ein pause og det kjem også til å bli ein pause i Xlr8.

Sjølv om det er utfordringar i enkelte arrangement, går konfirmantarbeidet veldig bra.



# DEN NORSKE KYRKJA

Sykylven sokneråd

Numme vil også arbeide vidare med tiltak som kan betre rekrutteringa av frivillige medhjelparar. I tillegg undersøkjer ho saman med staben moglegheitene for å få ein «1-åring» frå bibelskulen i Grimstad, til kyrkja.

## **Sak 10/18 Årsmelding**

Soknerådsleiaren gjekk gjennom utkast til årsmelding for 2017.

Soknerådet diskuterte årsmeldinga og kom med innspel og korreksjonar.

*Vedtak: Soknerådet ber AU ferdigstille årsmeldinga i tråd med dei innspel og korreksjonar som kom under soknerådsmøtet. Årsmeldinga skal leggjast ut på heimesida til Sykylven kyrkje og kunngjerast to søndagar før årsmøtet 18.03. I tillegg skal årsmeldinga vere tilgjengeleg til same tid på papir i kyrkja.*

## **Sak 11/18 Fastsetting av årsrekneskap for 2017**

Kyrkjeverje Arild Sporsheim gjekk gjennom utkast til årsrekneskap for 2017 og saksframlegget som kyrkjeverjen hadde utarbeida og lagt fram i samband med handsaming av saka. Det er ein nedgang i fondsmidlane, og soknerådet diskuterte ulike tiltak for å hindre dette i komande år, mellom anna at ein skal satse meir på givarteneste.

*Vedtak: Soknerådet godkjenner årsrekneskapen for 2017.*

## **Sak 12/18 Utsmykking og møblering av våpenhuset**

Kyrkjeverje Arild Sporsheim innleia saka med å vise til særutskrift sak 1 i møte i utsmykkingsnemnda den 8. februar 2018. Det vert vidare vist til sak 36/16 i Sykylven sokneråd.

*Vedtak: Soknerådet godkjenner utsmykkingsnemnda sitt forslag som delprosjekt 1 slik utsmykkingsnemnda har vedtatt i sak 1 den 8. februar 2018. Soknerådet ber kyrkjeverjen iverksette delprosjekt 1.*

## **Sak 13/18 Flyttbart bord til miksepult**

Soknerådsleiaren innleia og viste til sak 37/15 og saksframlegg datert 07.02.2018 frå Kyrkjeverjen.

*Vedtak: Soknerådet gir si tilslutning til prosess og løysing av ny miksepult. Soknerådet har vore orientert og involvert samt handsama deler av saka tidlegare.*

## **Sak 14/18 Medarbeidarfest**

Det vert medarbeidarfest i Sykylven kyrkje den 15. mars kl. 19.00. Soknerådet ber staben bestille gryterett med tilbehør hos Berlihuset eller ein annan lokal leverandør.

Medlemmene i soknerådet står for det praktiske og møter ein time før.



## DEN NORSKE KYRKJA

Sykylven sokneråd

### **Sak 15/18 Søknad frå 8. mars-arrangementet i Sykylven**

Torbjørn Støylen og May Lisbeth Hovlid Aurdal orienterte om søknad om støtte til eit arrangement på den internasjonale kvinnedagen frå 8. mars-komiteen i Sykylven. Overskotet på arrangementet går til NMS. Søkjar ber om ei støtte på kr 2.000,- til kr 5.000,-.

*Vedtak: Soknerådet ønskjer å støtte arrangementet med kr 4.000,- for å vise at tematikken er viktig for både unge og andre. Kyrkja legg her vekt på det diakonale aspektet, og viktigheita av å ivareta heile mennesket. Soknerådet viser til at gåva kjem frå innsamla midlar.*

### **Sak 16/18 Formalisering av støtte til born/ungdommar som vil på leir**

*Vedtak: Soknerådet er positiv til å støtte born/ungdommar som vil på leir.*

### **Sak 17/18 Søknad om støtte frå Hundeidvik Bueskytterklubb**

Soknerådet har mottatt søknad om støtte på kr 3.000,- til kjøp av utstyr. Dette er utstyr som også vert nytta i samband med at klubben sine aktivitetar vert brukt i konfirmantsamlingar.

*Vedtak: Soknerådet støttar Hundeidvik Bueskytterklubb med kr 3.000,-.*

### **Sak 04/18 Korreksjon av årshjul 2018**

Møteplan Sykylven sokneråd 2018:

Mars	20.03.2018: Diakoniplanen vert lagt fram
April	24.04.2018:
Mai	22.05.2018: Plan for hausten
Juni	11.06.2018: Grillfest på Aursneset

Datoar:	15.03.2018: Medarbeidarfest
	18.03.2018: Årsmøte etter gudstenesta
	00.00.2018? Misjonsmiddag m/misjonsløp etter gudstenesta
	28.-29.09.2018: Kyrkjemesse?
	21./28.10.2018: Seniordag (tidligare Eldresdag) m/middag?

### **Sak 06/18 Misjon (utsett frå førre soknerådsmøte)**

*Vedtak: Soknerådet hadde ikkje tid til å handsame saka, og den vart igjen utsett til seinare.*



DEN NORSKE KYRKJA

Sykylven sokneråd

**Eventuelt:**

Det var ingen andre saker til handsaming.

**Referat og orienteringssaker:**

- Invitasjon Godheitsveke, vedlegg 7.
- Referat frå arrangementet med Kirkens SOS – God å snakke med.
- Helsing frå Sykylven sokneråd til Ikornnes sokneråd 40 års jubileum, vedlegg 8
- Politiattestar

**Påminning:**

- SR medlemane tak ansvar for mat på møta kvar sin gong.

Referent: Knut Henning Aursnes